



Kyrkjeblad *for Vestre Slidre*



«MANDELTREEET blomstrer før de andre trærne, som et forvarsel om at våren kommer. På hebraisk kalles det «sjaked», det betyr: den som våker. Når alt virker dødt og inntørket, er mandeltreet det årvåkne tegnet på at livet seirer mot alle odds.»

MAGNUS MALM

God påske!



Simeon frå Kapernaum

Eg var der! Eg såg alt!

Simeon spring gjennom gatene i Jerusalem. Han skrik høg inni seg. Eg såg det! Jesus er død! Simeon er redd. Leitar etter vegen mot nord. Mot Jeriko. Han må til Kapernaum. Heimatt til brørne og mor.

Han hugsar så godt at det var i Kapernaum han møtte Jesus første gongen. For to år sidan. Foreldra hadde fortalt alt frå han var liten at det skulle kome ein Messias, ein som skulle fri ut jødane. Verte konge. Gjere alle frie. Det hadde lege i lufta lenge. Ryktet svirra i byen. Han hadde så hug til å møte Jesus om han berre kunne. Men det var ikkje så lett for han. Simeon kunne ikkje gå. Han var lam frå livet og ned. Nokre vene visste at Jesus kunne gjere folk friske. Helbrede. No var Jesus i byen. Dei la Simeon opp på ei båre og bar han til det huset der Jesus var. Det hadde samla seg mykje folk der. Heilt fullt. Så dei kom ikkje inn. Venene bar han då opp på huset, braut opp taket og firte han ned like framfor Jesus. Jesus såg på han. Andletet hans hadde så milde drag, hugsar Simeon. "Eg tilgjev deg syndene dine!" sa Jesus til han. Han visste før Simeon sa noko at han bar på noko vondt inne i seg, som ingen andre visste om. Men Jesus visste om det. Og så gjorde han også kroppen frisk. Beina livna til og Simeon kunne gå.

Simeon skundar seg mot nord. Tankane på alt det som har hendt dei siste dagane svirrer i hovudet: Eg har ofte fylgt etter Jesus. På avstand. Høyrt når han tala med prestar og vanlege folk, sett korleis han helbreda sjuke, spedalske, jamvel døde fekk han til å verte levande att! Tala med jenter og blanda seg med både rike og fatige. Han gjorde berre godt. Han var heilt annleis enn vanlege folk. Det måtte då vere Messias? Og no har dei teke han av dage! Eg var der og eg såg det. Såg korleis dei slo han, håna han og ropa: Krossfest, krossfest! Dei tvinga han til å bere den tunge krossen gjennom byen. Eg skulle ha hjelpt han, men våga ikkje å vise at eg var glad i Jesus. Eg høyrdet dei ropte på Simeon. Då skvatt eg til. Men det var ein annan dei ropa etter. Ein frå Kyrene. Han hjelpte til å bere.

Så la dei Jesus oppå krossen, og slo spikrar gjennom føtene og hendene. Eg såg dei reiste opp krossen som Jesus var spikra fast på. Han hekk der lenge. Så høyrdet eg at han ropa høgt: Det er fullført! Det lydde som eit seiersrop. Var det dette han meinte då han eingong sa noko om offer? Like etter kom det eit fælt jordskjely, det vart mørkt og kaldt. Fuglane slutta å syngje. Det var som om himmelen og jorda skalv. Folk skreik og sprang omkring. Eg gjøymde meg bak eit tre. Håpa at nokon kom for å ta Jesus ned av krossen før han var død. Eg venta lenge. Etter ei tid kom det to karar og tok ned krossen. Dei drog ut spikrane og la kroppen i eit teppe og bar han inn i ei tom grav. Då skjøna eg at alt håp var ute.

Eg må berre bort herifrå! Heimatt til Galilea! Jesus er død!

— — —

"Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava. Då kom det brått eit kraftig jordskjely, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: 'Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.' – No har eg sagt det til dykk.»

Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublende glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.» (Matt 28. 1-10)

LH

Påske i ord og toner

Skriv noen tanker om hvordan *du* feirer og opplever påske, var oppdraget fra redaksjonen i menighetsbladet. Påsken er ganske lik for meg fra år til år. Den inneholder tid for stillhet, gudstjenester, klassisk musikk og samvær med familien. Påske er for meg ettertenksomhet, melankoli og glede. Ettertenksomhet over livet og døden. Det jordiske liv og det Bibelen beretter om oppstandelse og evig liv. Melankoli over alt det Jesus måtte gjennomgå ved fornedrelse, smerte, angst, korfestelse og død. Glede over påskemorgens budskap om oppstandelse og nytt og evig liv for alle som vil følge Jesus etter og ikke fornekter ham.

Påske er den viktigste av våre kristne høytider. Det er det Gud gjennom Jesus gjorde for oss som er det avgjørende for meg som kristen. Ved å leve nær de ulike dager i påsken, kommer jeg tettere på livet og opplevelsen av å stå i en kristen sammenheng. I ukene før påske gir fastetiden en fin mulighet til å leve i undring og forventing til det som ligger foran. Fasten er påskens forberedelsestid, akkurat som advent er julens. Fastetiden skal hjelpe oss til å rette vårt sinn inn på riktig kanal; mot Jesus og det vi vet han gjorde for oss.

I fasteuken vandrer vi på veien sammen med Jesus opp til Jerusalem, i hellige faste tider. Inn i pasjonstiden. I Ulnes feiret vi i mange år palmesøndag, med gudstjeneste om kvelden med barnekor og forsangerkor. Foruten den lokale menighet var også en gruppe fra KFUK/KFUM fra Oslo-området med i gudstjenesten. De var på påskeleir på Vaset og bidro med sang, musikk og lesninger. Palmesøndag var i Ulnes en av de store kirkedager i året, der barnekoret deltok i prosesjon med ”hjemmegjorte” palmegrener. Det ble på mange måter en festdag, hvor vi hyllet Jesu inntog med salmen ”Hosianna, Davids sønn!”. Men palmesøndag er en todelt dag. For som vi vet er det ikke langt mellom ”Hosianna!” og ”korsfest, korsfest!”.

Og etter palmesøndag beveger vi oss inn i *den stille uke*. Det er dager hvor jeg gjør de siste forberedelser til kommende dagers prekener. Først skjærtorsdag, så langfredag og deretter påskedag. Tre vidt forskjellige dager, alle med sitt særegne budskap, som igjen forteller oss hvem Jesus er; både guddommelig og menneskelig. På skjærtorsdag spiste Jesus sitt siste måltid med disiplene og han innstiftet nattverden. Kjærlighetsmåltidet som vi får ta del i hver gang vi feirer messe. For meg er nattverden et styrke- og fellesskapsmåltid som holder meg nær Jesus og gir meg en ny start. Hver gang jeg feirer messe/gudstjeneste blir jeg minnet om hva Jesus gjorde for meg da han innstiftet nattverden skjærtorsdag for over 2000 år siden.

Langfredag er også en dag av Guds mysterium. Dagen da Gud lar sin egen sønn, Jesus Kristus, gå i døden og bli spikret til et kors. Der på korset, tar Jesus på seg våre synder, for at du og jeg skal være skyldfrie. Derfor er ikke langfredag bare dyster og mørk. Nei, langfredag er også den gode fredag, forsoningens dag og håpets dag. Midt i



”Herrens nattverd”, malt av den spanske renessanse maleren Juan de Juanes.

mørket er det lys, og det blir for alvor manifestet påskemorgen da Gud puster nytt liv i Jesus, slik at han med sine naglemerkede hender kan stå opp av graven. Ja, det er som Johan Nordahl Brun skriver i sin gamle påskesalme: ”Jesus lever, graven brast! Han stod opp med guddoms velde”. For meg er påskedagsgudstjenesten den største og mest jublende av alle dager i kirkeåret. Det fordi den dagen forteller meg så tydelig hvem Jesus er; at han er min Frelser og forsoner. Troen på Jesu oppstandelse er nøkkelen til evig liv for den som tror på ham og vitner om ham. Påskemorgen gir meg et håp, et himmelsk håp som overgår det jordiske. Redningsmannen er oppstanden!

Klassisk musikk er en vesentlig del av livet mitt. Og i påsken er det mye musikk å velge mellom. Johann Sebastian Bach er selve rosinen i pølsa her med sine to pasjoner; Matteuspasjonen og Johannespasjonen, foruten H-mollmessene og et mindre verk som, kalles Påskeoratoriet og kanskje to mindre kjente verk; Markuspasjonen og Lukaspasjonen. I tillegg kommer alle hans kantater. Bach skrev rundt 200 kantater fordelt på kirkeårets dager. Også flere av Bach-sønnene komponerte strålende sakrale verk. Og så må vi ikke glemme Händels Messias eller Schuberts messer og andre religiøse verk. Langfredag lytter jeg alltid til et knippe requiem – dødsresser. To jeg særlig vender tilbake til, er den franske komponisten Gabriel Faure’s Requiem og Mozarts Requiem. Usedvanlig vakre og storløtte verk. Komponister som Verdi, Cherubini, Durante, Berlioz, Saint-Saëns, Bruckner, Dvorak og Brahms har også skrevet requiem. Nå er det ikke lenger så enkelt å få kjøpt CD-plater her til lands – i allfall ikke klassisk. Men et nettsted hvor du får kjøpt alt som finnes av innspilt av klassisk musikk, er det engelske Presto. Rimelig og ekspeditt.

Når dette leses har jeg avsluttet mitt halvårige prestevikariat i Vestre Slidre. Jeg vil takke for gudstjenestefelleskap, samtaler, samvær med konfirmanter, sjukeheimen og fengslet på Slidreøya og til stab og sokneråd. God påske - høytid!

Terje Eklund

40 år i kyrkja si teneste

Samtale med Elisabeth Myhre



Elisabeth Myhre sluttar i juni dette året som kyrkjeverje i Vestre Slidre; ein jobb ho har hatt sidan 2006. Men Elisabeth har vore tilsett i Vestre Slidre kommune mykje lenger, ja, nesten heile sitt vaksne liv, i meir enn 40 år, har ho jobba i kommunen – både som organist i kyrkja og som lærar i musikkskulen.

Det er mange som kjem til å sakne Elisabeth; ho har vore trygg og god i jobben, eit ankerfeste og eit arbeidsjarn av dei sjeldne; alltid engasjert, og alltid klar for å hjelpe til, svare på spørsmål og sjå til at alle tilsette og soknerådsmedlemma som har kome og gått, får hjelp og rettleiing. Som kyrkjeverje er Elisabeth medlem av Fellesrådet, dei andre utvala er ikkje hennar ansvar, men også her stiller ho opp, m.a. Kyrkjebladet har nytt godt av at Elisabeth ikkje tel timer og sjeldan ser på klokka; ho gjer mykje meir enn ho er pålagt, og det med eit smil.

Elisabeth vaks opp i Homansbyen i Oslo, men var også ofte

i Valdres der familien hadde hytte på Vennis i Vang. Det var der ho møtte Eivind Myhre – han var odelsgut på garden Sæthe . Etter husmorskule på Leira vart det ekteskap i 1970. Dei budde først i Årdal der Elisabeth var lærar i småskulen, musikklassar og kordirigent. I 1975 flytta familien, som no var blitt fire; Kjell-Olav vart fødd i 1971 og Bjørn-Gunnar i 1973, til Vang. Elisabeth fekk same året jobb som vikar for organisten i kyrkja i Vestre Slidre. Per Værnes var prest der på den tida, og det var kona hans, Judith, som ringte og lurte på om Elisabeth kunne ta jobben, som førte til mange år som organist i Slidre. – Det har vært viktig for meg å spille til gudstjenester og salmekvelder, føler at jeg da er på grunnplanet, seier Elisabeth.

På same tid underviste ho i musikkskulen i piano og cello – ho spelte altså tre instrument! Ho fortel at ho har ein draum om å ta opp cellospelet no når ho blir pensjonist.

Musikken har heile livet vore noko av det viktigaste for Elisabeth. Når begynte denne musikkinteressen og korleis

har ho lært å trakte alle desse instrumenta? lurer vi på.

– Musikkinteressen har jeg fra mor og far, fortel Elisabeth. – Vi satt og sang om kveldene, det var før TV n kom. Jeg gikk i musikkbarnehage, og fra jeg var fem år spilte jeg piano på Barratt Dues musikkinstitutt. Jeg er veldig takknemlig for at mine foreldre lot meg gå der; det var dyrt, og de hadde dårlig råd. På gymnaset gikk jeg musikklinjen. – Men cello; korleis lært du det? – Jeg var også med i et strykeorkester på Bolteløkka skole; da lærte jeg å spille cello; det var mye øving. – Og orgel da; når begynte du med det? – Jeg hadde et stort ønske om å bli lærer, men kom ikke inn på lærerskolen, så jeg tok et lærervikariat som musikklærer i Solund, en øykommune i Sogn og Fjordane; det var etter at jeg hadde truffet Eivind. Kan huske jeg dro fra Bergen i en gammel skøyte og reiste hele natta før jeg kom til Solund, omgitt av hav på alle kanter var det litt av en kontrast!

I Solund var det vanlig at musikklæreren var organist i kirka, så det ble min første jobb som organist. Det var bare å begynne å øve, ja, det ble mye øving, først på egenhånd, men etter hvert tok jeg en del kurs.

I Slidre var Elisabeth organist heilt til 2012 da Are Alund kom. – Det ble nesten et nytt liv, seier ho, – for da fikk jeg fri alle helger. Og det kunne ho trenge, for ho har i alle år jobba på garden ved sida av. – Kombinasjonen



Elisabeth fekk Kongens fortjenestemedalje i 2008

gjorde det veldig travelt i blant, må Elisabeth medgi, – men jeg har trivdes så godt med alt jeg har holdt på med. Gardsarbeidet var Eivind sitt hovedområde, men jeg syntes det var moro å være med; aller best var det på stølen om sommeren. Der er det godt å være; stillhet, vakker natur, og for en fantastisk utsikt! Jeg sitter der og ser hele Vang og Vestre Slidre!

Sidan ho flytta til Vang har ho vore dirigent for Vangs-



Elisabeth ved orgelet i Slidredomen



Elisabeth ved orgelet i Lomen



Elisabeth ved Røn kyrkje

koret, som koret heiter no; det var først Fjellblom sanglag, før det vart slått saman med Øye til Øye og Fjellblom sanglag, og no altså Vangskoret.

Elisabeth har saman med Joan Homme dei siste åra også arrangert songkveldar på Skrøvik grendehus ein gong i månaden; ope for alle og veldig populært.

Ho er også politisk engasjert, har sete fire perioder i kommunestyret i Vang og to perioder på fylkestinget.

Korleis har du greidd alt, lurer vi på, de hadde jo tre ungar også; dei to gutane fekk i 1983 ei syster, Ellen Marie. – Det hadde ikke gått uten støtte fra Eivind; han tok seg mye av ungene da de var små. Det gjorde også mor og far til Eivind, de bodde på garden.

Nei, Elisabeth har aldri vore redd for å ta i eit tak. Ho har alltid likt å arbeide, har heile livet hatt eit brennande engasjement, og det har ho framleis sjølv om ho no som 67 åring gir seg med lønna arbeid. Ho synest det er rart å slutte; det har vore ein prosess, seier ho, men ho er ikkje redd for å få for lite å gjøre; det viktigaste er at ho får meir tid til dei sju barnebarna – og så skal jo koret dirigerast, og frivilligcentralen treng folk. Vi er ikkje i tvil om at Elisabeth kjem til å ha nok å gjøre når ho no blir pensjonist; ho lyser av entusiasme, og så var det jo draumen om cellospel, da! Ho fortel at Eivind er litt bekymra for korleis det blir når ho sluttar; han meiner det kan bli slitsamt.

– Men når jeg nå har bestemt meg for å slutte, er jeg veldig glad for at vi har så mange gode søkere til stillinga, legg ho begeistra til..

– Jeg har vært veldig heldig, som har fått lov til å arbeide med det jeg trives med, seier Elisabeth. – Musikken har alltid vært med meg og kirka ble også etter hvert en livsstil. Som organist og kirkeverge har jeg blitt kjent med mange,

og synes jeg har fått god kontakt med vestreslidringen og de ansatte i kirka. Alle som jobber i kirka må føle seg sett og verdsatt; det har vært viktig for meg som kirkeverge.

Elisabeth har arbeidd saman med mange prestar og vikarprestar; ho hugsar: Per Værnes, Sigmund Lindelkeiv, Åsmund Ljønes, Tordis Ødegaard, Anne Borklevinch, Tore Samuelsen, Stig Jonsbråthen, Georg Johnsen og no Terje Eklund som for tida er vikar for Ola Døhl; han har vore prestevikar her før.

Det siste året har jeg vært nødt til å si opp folk – det har vært vanskelig, synes jeg. Kommunen er veldig samarbeidsvillig og velvillig, særlig når det gjelder å ta vare på kirkebygga og kirkegardene, men det er vanskelig å få ut penger til lønninger.

På spørsmål om kva ho hugsar best frå tida i kyrkja si teneste, kjem det ganske raskt: – 800 årsjubileet for Slidredomen; det var stort! Ho har også vore med og feira både 75 års- og 100 årsjubileum for Lomen kyrkje; det første som organist, det andre som kyrkjeverje.

– I forbindelse med 100 årsjubileet var det også full oppussing av Lomen kyrkje. Også Røn kirke har hatt et stort vedlikehold både ute og inne. Jeg blir vel husket som den kirkevergen som tok trea på kirkegården.

Noko som har vore diskutert er samanslåing av soknerråda til eitt sokneråd for heile kommunen; vi spør Elisabeth kva ho meiner:

– Det som kan sies til fordel for det er at det er vanskelig å få nok folk til å stille på lister: alle er jo så opptatt – det er så mange tilbud.

Men argumentene mot er sterkere; folk føler seg mer knyttet til sitt sokn, og da er det, ikke minst, lettere å få dem ut på dugnad; og dugnadsarbeidet er veldig viktig.

Det blir også mange flere som engasjerer seg, som blir kjent med kirka si og får et forhold til den. Ja, tenk på så mange mennesker som får kjennskap til kirka og kirkelivet; ikke bare medlemmene i soknerådene, men også familiene deres; det er vel det viktigste argumentet for å beholde alle sokneråda.

På spørsmålet om kva ho synest om at så få kjem til kyrkja, ikke minst med tanke på alt arbeid som ligg i å gjennomføre ei messe, svarar ho ganske så kontant: – Vi må framsnakke kirka, snakke om det som er positivt istedenfor å snakke om at det er for lite folk i kirka. Guds-tjenesten er viktig for dem som kommer. Vi må ta dem på alvor og gjøre så godt vi kan for at de som er til stede får en god opplevelse. Den tanken har jeg hatt hele arbeidslivet, den har gjennomsyra arbeidet mitt. Terskelen for å komme til kirka har blitt mye lavere, men dessverre sitter det fortsatt igjen en misforstått oppfatning om at en må være ufeilbarlig for å delta. Det er så viktig at alle slipper inn – kirka må være åpen for det nye og for alle. Min Gud er en inkluderende Gud, ikke ekskluderende, seier Elisabeth like entusiastisk, som vi har opplevd ho i alle år.

L.V. og P.O.E.

Ro ned

Stemninga av ro og stillheit pregar måleriet Bondebegravelse av Erik Werenskiold, måla i 1883 – 1885, langt frå den tida vi lever i. Her er det ikkje noko som forstyrrer, ingen bilar som susar forbi. I våre dagar er det fleire kyrkjer som har fått trafikken like inntil kyrkjegarden, ofte på smale vegar. Då er det viktig at dei som kjører forbi der det er gravferd tar det med ro, viser respekt og kanskje stansar på same måten som når ein treff på eit gravferdsfylge i bilar, la det slippe fram, ikkje trenge seg forbi.



Open kyrkje

i Slidredomen og Lomen stavkyrkje blir det også denne sommaren



I Slidredomen vil medlemar i pensjonistlaget og sanitetsforeininga ha vakt 3 dagar i veka i juli. Det vil bli nærare bekjentgjort seinare.

På telefon fortel Inger-Eli Vedøy Hemsing, som var guide i stavkyrkja i fjor sommar at ho skal vere guide også no til sommaren. Ho gler seg verkeleg, for det var både hyggeleg og interessant i fjor. Det var bra besøk, fortel ho; 450 personar. Ein del dagar var det veldig stille, særleg først i veka, på måndagar og tysdagars, andre dagar var det fleire, ja, på det meste kom det 30 personar innom; ut-

lendingar, hyttefolk og folk på gjennomreisefolk fra bygda.

Eg er veldig interessert i lokalhistorie og synest det er så moro å fortelje om stavkyrkja; det er jo kyrkja mi – ja, slik føler eg det. Det er fint at dei her i kommunen tar så godt vare på kulturarven. Inger-Eli seier ho er liden-skapeleg opptatt av stavkyrkja, og ho har så mykje ho vil fortelje, og vi vil høre meir, så vi gjer avtale om ei samtale til hausten.

Lomen stavkyrkje vil i juli vere open 4 – 5 dagar i veka frå kl. 11.00 til kl. 17.00.

«Natta som lysar som dagen

– Om påskennattsmessa

Mange av oss har minne om barneskulelæraren som fortvila prøvde å uttale den siste, mystiske og harkande lyden i det jødiske ordet *pesah*. Pesah som var og er den viktigaste jødiske høgtida, til minne om då Gud ramma Egypt med den siste landeplaga og Moses delte havet og førde folket ut av landet. Sjølve ordet tyder «gå forbi» og viser til at Herren let dødsengelen passere husa til israelittane fordi dei hadde stryke blod frå eit lam over dørstolpane sine.

Vidare har vi lært at vårt ord, *påske*, kjem av det hebraiske *pesah*. Men frå utgangen frå Egypt og fram til Jesu tid er det om lag 1250 år. Så kva har eigentleg jødisk og kristen påske med kvarandre å gjere? Og kvifor heiter «påske» noko heilt anna på engelsk? «Easter» – altså himmelretninga «aust» har sine språklege røter frå eit ord som handlar om lysskinn, eller kanskje frå *Eostre*, morgongryets gudinne. Ser vi på liturgien til påskennattsmessa, kan vi nærme oss eit svar på både spørsmål.

Når vi kjem til kyrkja på påskeaftan, kl 23, har vi ikkje vore der sidan vi sløkte lysa og tok vekk altarduken på langfredag. Kristus er død, og verda er mørk. Men i innleiinga av messa tenner vi det store påskelyset og går inn i kyrkja med dette medan vi syng «Kristus – verdsens ljós». Alle som har kome, har fått utdelt sitt eige vesle stearinlys som får eld frå påskelyset. Deretter syng vi påskelovsangen, til tekst og tonar eldre enn Slidredomen: «*Fryd deg, du Guds englehær i himmelen. Jubla av glede, du Guds mysterier, basunen kunngjer sigeren som den store kongen vann. Gled deg, du jord, som strålar i ævelivs glans, all verda skal vita at mørkret har vike.*» Og etter ei stund stemmer kyrkjelyden i: «*Dette er natta då Kristus braut dødens lekkjer og sigrande stod opp frå dødsriket.*»

Vidare i teksten til påskelovsangen ser vi kva samanheng det er mellom *pesah* og *påske*: «*Ja, dette er påskefesten, då det sanne Lammet vart slakta, og med blodet frå dette lammet vert dørstolpane hjå dei truande helga. Dette er den natta, då du førte fedrane våre, Israels born, ut or Egypt og lét dei gå tørrskodde gjennom Raudehavet.*» I kyrkja blir den jødiske feiringa av utgangen frå Egypt eit forvarsel om det som skulle skje med Kristus. Han er det nye offerlammet, og ved hans blod blir vi sparte, slik at vi ikkje lid dauden på den siste dagen. På same måten som Gud berga israelittane då dei var fanga mellom havet på den eine sida og Faraos hær på den andre sida, slik bergar han no alle menneske gjennom vatnet – *dåpsvatnet*.

«*Lat ljuset brenna utan slutt og driva bort mørkret frå denne natta. Lat morganstjerna finna det brennande, den stjerna som ikkje veit av nedgang. Kristus som har vendt attende frå dei døde og lyser for menneskeslekta.*» Kristus er morganstjerna som har vunne over døden, lyset som har



sigra over mørket. Lyset kom til verda til jul, ved vintersolkverv, og dagen og lyset vinn over natta ved vårjamndøger. Easter, som ei henvisning til morgongrytet og den *sanne* morgonguden, er visst heller ikkje eit därleg namn på høgtida.

Resten av messa faldar ut samanstillinga mellom jødisk og kristen høgtid og mellom Kristus og sola. Vi les tre tekstar frå Det gamle testamentet – om korleis lyset vart vart tent då Gud skapte verda, og om korleis Herren leidde israelsfolket gjennom Raudehavet, ut or fangenskapet. Deretter les vi ein tekst frå profeten Esekiel om korleis dei døde vert levande att, før det for fyrste gong kjem lyd frå orgelet. Intensitetten i orgelet aukar heilt fram til det eksploderer i lys og kyrkjelyden bryt ut i Gloria – *Ære vere Gud i det høgste* – lovsongen som har vore taus gjennom heile fastetida. Vi har kome over til nytestamentlig tid og får høre historia om den tomme grava og om korleis vi, gjennom dåpen, har fått del i Jesu død og siger over døden. Påskehøgtida er i gang – og seinare i messa kan vi sygne:

Se her det rette påskelam:
Han som på korset døde!
Nå kalles vi til liv med ham,
han er vår sjeleføde.
På vår dør er strøket blod,
når straffens engel ser vår tro,
går han forbi vår bolig.
Halleluja!

Så feirer vi den høye fest
Med hjertens takk og glede.
Av det som var, skal ingen rest
få holde gleden nede.
Nådesolens klare skinn
skal gjennomstrømme sjel og sinn
nå er vår natt til ende.
Halleluja!

Altarduken i Røn kyrkje



Det er ein vakker linduk brodert med korssting som no stasar opp altaret i Røn kyrkje. Altarduken som låg der tidlegare var slete, og farga på mønsteret var nesten borte.

Kari Røn har brodert den nye duken, og vi har fått prate litt med ho om denne prosessen. «Eg sa ja til å brodere ein ny duk viss eg ikkje hadde tidspress på meg», seier Kari. På spørsmål om kor lang tid ho brukte på å brodere duken, leitar ho frem svaret i dagboka si; «ca halvanna år», er svaret.

Då ho skulle starte arbeidet rådførte ho seg med Marit Anny på Vevstogo om oppskrift på ein slik duk. Rådet ho fekk var å kopiere mønsteret på duken som allereie låg der, då ho ikkje ville kunne finne mønster på ein slik duk nokon stad. «Det var krevjande å sy så smått, så eg måtte leggje det bort og ha pausar innimellom», seier Kari. Vi er takksame for at Kari gjorde dette arbeidet for Røn kyrkje, og vonar og trur denne duken vil ligge der heil og fin lenge!

BESØKSTJENESTEN



Kjellaug, Ingebjørg og Kari underheld på sjukeheimen



Eldbjørg og Tove på sjukeheimen

Feiring av morsmålsdagen

Imøtekomande handtrykk og spanande matlukter møtte oss i døra då morsmålsdagen vart arrangert på Røn skole ein tirsdagskveld i februar. Morsmålsdagen blir markert kvart år over heile verda for å setje fokus på kor viktig mangfaldet i språket er. Det er om lag 6000 språk i verda i dag, av dei held halvparten på å forsvinne. Det var fyrste gong dagen blei feira i desse lokalene, som er større enn lokalene dei har bruk tidlegare, og arrangørane var spente på korleis oppmøtet ville bli. Det syntet seg at det ikkje var grunn til bekymring; nær 150 menneske møtte – og det måtte leitas frem fleire stolar og bord.

Det vart ynskja velkommen på både norsk, arabisk, swahili, kurdisk, hazara og burmesisk og «Fader Jakob» blei sunge på alle språk som var presenterte i salen. Ei gruppe frå læringsenteret spelte flott musikk med trommer og gitar. Nokon frå gruppa improviserte dansetrinn til og fekk med seg store delar av forsamlinga på dans gjennom heile gymsalen!

Barnekoret song, Minifrikar dansa og Josef Kibui frå læringsenteret fremførte eigenkomponerte songar, før vi fikk ta for oss av det rikholdige og svært smakfulle matbordet. Åh – så mykje mat og så mange gode smakar! Maten hadde læringsenteret laga i saman med 9.klasse ved Vestre Slidre skule, eit samarbeid som hadde vore veldig vellukka.

Medan dei vaksne song allsong fekk borna vere med snøbrettlaget Fjølastubben med Ådne Kolbjørnshus på morosame aktivitetar. Til avslutning fremførte representantar frå Eritrea og Kenya nasjonalsongane sine før det heile blei avrunda med «Ja vi elsker» og Kongesangen. Det var ei spesiell og god stemming på Røn skole denne kvelden, og eg er sikker på at det var fleire enn oss som dro derfra med ei god kjensle inni seg!



Når natt blir til dag

En gammel rabbiner spurte en gang elevene sine om hvordan man avgjør når natten er forbi og dagen begynner. «Er det når man på lang avstand kan skjelne en hund fra en sau», spurte en av elevene. «Nei», svarte rabbineren. «Er det når man på lang avstand kan skjelne mellom et daddeltre og et fikentre», spurte

en annen av elevene. «Nei», sa rabbineren. «Men når er det da», fortsatte elevene å spørre. «Det er når du kan se inn i et menneskes ansikt og få øye på din bror eller søster i det. Inntil da er natten stadig hos oss».

(UKJENT)

Har du ein time til overs?

RØN LÆRINGSSENTER hadde ein fin fest i februar der bygdefolket vart innbedne på mat og kultur. Dette har dei fått særskilte tilbakemeldingar på, fortel dei. No har dei og vi her i KYRKJA i Vestre Slidre, ein VAKEN DRAUM: Tenk om fleire ville melde seg på som FLYKTNINGEVENER? Røn læringssenter kan formidle KONTAKT mellom FLYKTNING og FLYKTNINGEVEN, men kontakten må deretter gå DIREKTE. Tenk enkelt, seier dei. Du bestemmer sjøl kor mykje eller ofte du kan vera noko og det er heldan ikkje noko i vegen for at fleire slår seg saman slik at når ein ikkje kan, kan kanskje ein annan? Men kontakten må altså gå direkte elles blir det vanskeleg for senteret å handsame.

Har DU ein TIME til overs?

Bli ein FLYKTNINGEVEN!

Ta kontakt med Røn Læringssenter: 61345140 eller mobil: 91520590

*«Hvis du tror du har forstått Gud,
så er det ikke Gud du har forstått.»*

AUGUSTIN

«Å leve er nåde,» sier Henning Hagerup – (Inger Hagerups barnebarn) – i samtale med «Vårt Land». Han sier også: «Jeg begynte å tenke at kristendommen er noe annet enn jeg har trodd. Det er ikke bare det kristengruppa på skolen fortalte meg at det var, eller det som sies i morgenandakten. Det er noe annet og dypere, det dreier seg om tilværelsenes ytterste og dypeste dimensjoner».

SKIRENN I LOMEN



Syndag 5. mars arrangerte syndagsskulen i Lomen sitt 34.skirenn. Røn syndagsskole var også invitert, og etter gudstenesta møtte det opp 16 deltakarar, inkludert to spreke mødrer! Som det plar var løypa laga til på jordet like ved kyrkja, og både foreldre, representantar frå soknerådet og dei som hadde ansvaret for gudstenesta var engasjert publikum.


Alle gjekk kvar si runde på tid, men etter tidsakinga var det fleire som ville gå både ei, to og fleire runder til! Etter skirennet fekk alle pølser, heimebaka kringle og saft/kaffe. Det vanka både diplom og flotte premiar til alle borna som deltok. Takk til Lomen syndagsskule som arrangerte eit flott og hyggeleg skirenn – vi kjem gjerne igjen til neste år!!



BARNAS -SIDE

Prikk til prikk


Teikne ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Finn fem feil

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikningar: Asbjørn Tønnesen



nettSPRELL.no

- Musikklideoar
- Teiknefilmar
- BARNAS-konkurransar

Søndagsskulen si nettside for barn!

BARNAS.

14 blader + DVD + CD = berre 365,- JAR

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,- pr barn

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00


TÅRNAGENTENE

tarnagentene.no

Tårnagentane sin eigen nettstad!



Fargelegg



Trivselssamling i Volbu

Prestane og kyrkjeverjene med prost Carl Philip Weisser i spissen hadde den 11. januar invitert soknerådsmedlemene i dei 24 sokneråda i Valdres til ei original trivselssamling i Volbu. Det var for å markere reformasjonsåret 2017; i år er det 500 år sidan Martin Luther slo opp tesane sine på kyrkjedøra i Wittenberg. Eit anna tema denne kvelden var bevegelse.

Overskriften for kvelden var ”Så gjør vi så når til kirke vi går”. Og vi gikk – først til vorspiel i grendahuset, som før var skule, så rundt juletreet ute på skuleplassen, vidare til kyrkja og så til nachspiel i prestegarden. Vi var med andre ord i bevegelse – og det både kroppsleg og mentalt.

I det nyoppussa grendehuset vart vi tatt i mot med peparkaker og gløgg – ein mjuk start – før vi sette oss på ”skulebenken”. Inn kom ”Bård skulemeister” – han ville høre oss i Luthers lille katekisme – peparkaka sette seg fast i halsen på fleire av oss – kva hugste vi frå katekisma? Skulemeisteren var både brysk og streng – inga kjære mor der, nei. Så oppdaga vi at det låg eit eksemplar av katekisma på stolen, og vi pusta letta ut, vi kunne jo lese! I innleiinga til heftet las vi:

Luthers lille katekisme vart skrive av Martin Luther og publisert i 1529, berekna på undervisning av barn i luthersk-protestantisk kristendom. Katekisma behandlar dei ti boda, den apostoliske truedkjenningsa, Fadervår, dåpen, nattverden og skriftemålet. Luthers lille katekisme er eit av Den norske kyrkja sine vedkjenningskrifter.

Tekstene er utforma som ein didaktisk dialog, der læraren stiller spørsmål, og eleven skal kjenne dei rette svara.



Eli Vatn sette ein støkk i oss som den strenge skulemeisteren

Alle elementa i katekismen, slik som boda og ledda i Fadervår, vert følgde opp av det fast spørsmålet: ”Kva vil det seie?” Den faste innleiinga til forklaringa av boda er: ”Vi skal ottast og elske Gud så vi ...”

Læraren: ”Det femte bodet: Du skal ikkje slå i hel. Kva vil det seie?

Eleven: ”Vi skal ottast og elske Gud, så vi ikkje skader nesten vår på kroppen eller gjer han noko vondt, men hjelper og stør han i naud og fare.”

Vi fikk høyre meir om Martin Luther. Tore Samuelsen heldt eit foredrag der han fortalte om Luthers arbeid og betydning for omveltinga frå katolisisme til protestantisme – veldig interessant var det han fortalte. Han har sendt oss utdrag av foredraget; Den modige munken, som kjem lenger ut i bladet.



Tore Samuelsen

”En kropp i bevegelse gir et bevegelig sinn. Livet er avhengig av bevegelse” meiner Carl Philip Weisser – og for han er det ikkje langt mellom liv og lære. Før han skulle tilsetjast som prost i Valdres ville han sjå seg om i regionen, så han la ut på ei vandring gjennom alle prestegjelda. Vi fekk vere med på denne vandringa gjennom ein bildeserie han hadde laga, der han baud på vakker natur, hyggelege menneske han hadde møtt og morosame hendingar. De skal få lese om vandringa i sommarnummeret.

No hadde vi vore i bevegelse reint mentalt ei god stund, så no var det på tide å få i gang kroppen – gymtimen denne kvelden var gang rundt juletreet, som stod fullt opplyst nede på ”skuleplassen”. Der vart det fleire ringar og mange



julesongar – godt for både kropp og sjel. Vi avslutta med ”Så går vi rundt om en enebærbusk” og … ”så gjør vi så når til kirke vi går” – og arm i arm ned til Volbu kirke bar det.

Men der var døra stengt, og utanfor stod St. Peter. Ein mann prøvde å kome seg inn, men vart nekta, ikkje hadde han betalt avlat for syndene sine og ikkje kunne han ”Pater Noster” eller andre bøner på latin. Det gjaldt oss andre også, så vi vart ståande utanfor; og det var kaldt – vi hutra og fraus, men så kom heldigvis Martin Luther og slo opp tesene sine på døra – og vi fekk endeleg kome inn.

Inne i kyrkja fortalte ”Martin Luther” om tesene sine. Han sa at Gud er nådig, ikkje dømmande og at han tilgir syndene våre. Vi song ”Eg synger jolekvad”, ein salme som Luther har omsett frå latin. Folk må forstå det dei høyrer og les og få bruke språket sitt i møte med Gud, meinte Luther.

Are Aund fortalte om Luther og kyrkjemusikken. Han sa m.a. at Martin Luther ved sida av å omsette salmar frå latin også hadde dikta salmar og komponert melodiar til.



Teser henges opp på døren

Are spelte fleire denne kvelden, og vi var med og song. Også prosten tok fram gitaren og spelte og song.



Are Aund

Eli Vatn ønskte til slutt alle velkomne til nachspiel i prestegarden. Stovene stod opne og vart fylte med folk. Det var flust med kaker og kaffe, og praten gjekk livleg. Vi må få takke prostefamilien for at dei opnar heimen sin på den måten – vi kjente alle på varmen og hyggen ved å vere der.

Heile denne kvelden var vellukka – prestane og kyrkjeverjene hadde lagt mykje arbeid i opplegget for kvelden, og dei sette oss i bevegelse både mentalt og fysisk.

Vi har lyst å slutte dette referatet med ei oppfordring, som ein konklusjon på det prosten, Carl Philip, sa om bevegelse.

Gå heimanfrå til kyrkja eller viss det blir for langt, ta bilen eit stykke og gå resten – ta det som ein søndagstur – to fluer i ein smekk – bevegelse både fysisk og mentalt, og godt for både kropp og sjel. Kva med å satse på at eit par av trimturane i året blir kombinert med å delta på messa i kyrkja di.

L.V. og P.O.E.



Signe Kvåle som St. Peter, Hans Allergot som mannen som ville inn og Liv Barbro Veimodet som Martin Luther

Den modige munken

En dag i 2013 tok jeg toget fra Berlin til Wittenberg, omtrent 10 mil sør for den tyske hovedstaden. Byen kaller seg egentlig Lutherstadt Wittenberg. Ingen tvil om hvem som er den viktigste personen i byens historie., reformatoren Martin Luther (1483-1546). I den norske grunnloven er Luther den eneste personen som har fått navnet sitt med. I paragraf 16 henvises det til at «Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forblir Norges folkekirke....». Vårt land er kraftig påvirket av reformasjonen og Luther, egentlig litt på godt og vondt. Noen synes det vel har blitt noe i meste laget, og det ser ut til at luthersk tenkning har mistet mye av sin kraft de siste tiårene. Allikevel vil Luther-jubileet i 2017 gi oss anledning til å reflektere over dennemannens betydning. Luther var en provokotør, en veldig modig mann som ganske alene gikk til angrep på pave og maktpersoner. I mange år var han fredløs, og da var det fritt for hvem som helst å ta livet av han, uten strafferettslige konsekvenser. Hvis man er i Wittenberg, ser en at en av de mest populære suvenirene rett og slett er sokker! På dem står det trykt «Her står jeg. Jeg kan ikke annet». Det var dette Luther sa når han måtte forsvere seg på riksmøtet i Worms.

Hva med langtidsvirkningene av reformasjonen og Luthers virksomhet. De ser ut til å være viktigere enn vi gjerne tenker oss.

- 1) Alle står på like fot inn for Gud. Nåden er tilgjengelig som en gave for alle. Det er ikke slik at munker og prester står nærmere Gud enn andre.
- 2) Det var viktig at alle kunne lese bibelen på morsmålet. Bibelen var så godt som utilgjengelig for folk flest, da den var skrevet på latin. Luther selv oversatte bibelen til tysk, og inspirerte til at bibelen ble oversatt til de fleste språk i Europa. Luthers tyske bibel hadde en så høy språklig kvalitet at den i stor grad danner grunnlaget for dagens tyske skriftspråk.
- 3) Ved at reformasjonen betød brudd med den katolske kirke, hadde man ingen pave lenger. Folk kunne lese bibelen på sitt eget språk, og således tenke selvstendig om teologiske spørsmål. Dette førte også til en oppblomstring av forskjellige protestantiske kirkesamfunn.
- 4) Det norske skolevesenet kom først på 1700-tallet, men det at Luther så sterkt var opptatt av undervisning for barn, at de skulle lære å lese, at de skulle kunne katekismen, var en forutsetning for skolevesenet som etter hvert kom til.
- 5) Arbeidsetikken til Luther har hatt en enorm betydning i protestantiske land. Tidligere tenkte man at skulle man leve nær Gud, måtte man bli prest eller gå i kloster. Luther bryter med denne tenkningen. Nei, en snekker, bonde eller husmor kunne leve like nær Gud som hvem som helst andre. Ved å arbeide gjorde vi en tjeneste for vår neste, ja, viste kjærlighet i praksis. Vanlig arbeid var en form for gudstjeneste. Synet på arbeid ble forandret.



Folk rømte fra klostrene. Et kjent Luther-sitat er: «Hvis verden skulle gå under i morgen, ville jeg plante et epître i dag». Ikke ta en tur på stranda, ikke ta en fest, men rett og slett gjøre et arbeid for framtidens. Trolig har denne måten å tenke på om arbeid, kombinert med idealer som sparing og nøkternhet ført til at protestantiske land i dag ofte ser ut til å være vellykkede land. På ulike statistikker over land med god økonomi, hvilke land som er gode å bo i, så vil gjerne protestantiske og lutherske land ligge i topp. Denne konsekvensen er ikke nødvendigvis avhengig av en religiøs tro. Arbeidsetikken til Luther kan også fremtre i en sekularisert utgave.

Luther skrev mye, mente mye, det er også lett å ta anstøt av noe han skrev. Han kunne f.eks. si ting om jødene, som vi dag rister på hodet av. Men den reformasjon han gav støtet til endret faktisk verden! Når jeg etter mitt besøk i Wittenberg kom tilbake til hotellrommet i Berlin, slo jeg på nyhetene. Katolikkene hadde denne dagen valgt ny pave, pave Franz. Kirkene i Europa gjør seg fortsatt gjeldende. Men Europa er ikke det samme som Luther levde i. Luther var et barn av sin tid. En tid som formet han. Men som også endret Europa.

Tore Samuelsen

Treng du eit ærend for å gå i kyrkja?



Det er mange grunnar for IKKJE å gå i kyrkja. Du syns kanskje det er for tidlig ein sundag morgen? Eller tvert om er du allereie ute på tur i Guds store katedral? Lir du kanskje av ein slags allergi? Trur du kanskje at kyrkja ikkje har endra seg sidan sist du var innom, og det kan vera mange år, og der har du då ikkje noko å hente? Tenkjer du kanskje til og med at ein må væra truande for å vitja kyrkja ein vakker sundagsmorgen kl. 11.00? Eller halv åtte for den saka si skuld? Trur du kanskje at det ikkje er nok berre å søkje rommet, stillheita, musikken, det autentiske i gamle tekstar, samværet med andre? Trur du kanskje til og med at du må gå andre stader for å få påfyll eller trøyst? Det er mangt som vil ha sjela di om dagen.-

Den nye prosten vår som nyss har slått seg ned i Volbu, slær iallfall eit slag for Å GÅ PÅ TUR TIL KYRKJA! Plasser bilen eit stykkje i frå kyrkja, seier han og kom innom døra med friske kinn og lat deg sige godt ned i kyrkjebenken og berre ta i mot. – Kjenn på kva det heilage rommet byr deg på. At det finnast ein lekedom for sår. At mennesket ikkje er så einsamt som det i grunnen kan finne

på å tru. – Gi stillheita eit høve til å tala. Nettopp til deg. Sett deg ned. Du er blant vene. Sett deg ned nå. Og spør ikkje for kven klokken ringjer. Klokkene ringjer for deg.



KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er opent: måndag, onsdag og torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00, tysdag kl. 12.00 – 15.00.

Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepresten@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb
Elisabeth Myhre	61345095 90591761	Kyrkeverje
Are Alund	99734175	Kantor
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn sokn Røn og Øyjar Klokkar i Lomen sokn
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar i Slidre sokn
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn sokn. Røn og Øyjar Kyrkjetenar i Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel Ringjar i Slidre Reinhaldar i alle sokna
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje

KYRKJEVERJA INFORMERER

Store endringar er iferd med å skje

I Bibelen står det: Alt har si faste tid.

Eg føler det slik no, og har sagt opp stillinga mi (går av med alderspensjon) og fråtrer 1.juli. Eg skal ha ferie i heile juni.

På grunn av trøng økonomi måtte fellesrådet fjerne diakonistillinga, og Diakonimedarbeidaren måtte seiast opp. Det vart ein del omorganisering på kyrkjekontoret, så Elbjørn Myrvang Wiknes vart òg sagt opp i kontorfullmektig – og klokkarstillinga i Lomen. Fellesrådet og kyrkjeverja takkar ho for eit framifrå arbeid i 3 ½ år for og i kyrkja i Vestre Slidre.

Kyrkjeverjestillinga og kontorfullmektigstillinga er lyste ut, og tidsplanen er at det skal bli tilsett i stillingane i løpet av april. Klokkarstillinga i Lomen vart lyst ut internt og Magnhild Skjel har tatt på seg dette arbeidet. Økonomien tilsa at kyrkja måtte spare på fleire område. Det er ingen pålegg om at det skal vere klokkar tilstade ved gravferd, og frå påske vil denne tenesta bli borte. Om det er nokon som vil ha klokkar med i gravferd av di dei ikkje vil bruke gravferdsbyrå, men treng hjelp i kyrkja, er Magnhild villig til å ta på seg denne oppgåva.(Fellesrådet betaler ho og sender faktura til dei pårørande). Ta kontakt.

Det har blitt, kanskje sidan kong Olav døde, meir og meir vanleg å setja lys ved gravane våre ved spesielle høve og

ved høgtider. Mange synest det er fint å sjå lysa som lyser på kyrkjegarden. Men ein liten bøn frå kyrkjeverja: Bruk ei gravlykt som dekkjer til flamma, så ho ikkje kan ta tak i kransar og blomar, hugs å fjerne gravlykta etter bruk, så ho ikkje bles utover kyrkjegarden. No er gravplassforskriftene sett opp ved alle kyrkjene/kyrkjegardane. Eg ber dykk om å leggja særleg merke til §4 Grav og Gravminne, der det mellom anna står kor lenge grava skal stå før ein set på gravminne, og §5 Plantefelt, der det står om storleiken på plantefeltet, steinar/plater rundt og at ein kan velja å så til plantefeltet med gras.

Vestre Slidre kommune løyvde kr. 700.000,-, fordelt på år 2016 og -17, til nødvendig vedlikehald av Røn kyrkje. Terrenget er senka og steinlagt på aust /sør-sida, ei pipe er fjerna og det skal leggjast nytt golv i gangen i sakristiet. Utvendig skal røte panel skiftast ut og heile kyrkja skal målast til sumaren. Stor takk til kommunen som tek godt vare på kyrkjene sine.

Kyrkjekontoret har open dør og kom gjerne innom med både ris og ros. Opningstider står i kyrkjebladet.

ELISABETH MYHRE
kyrkjeverje

KYRKJELEGE HANDLINGAR

desember 2016 – mars 2017

Døypte	Slidre sokn:	22.01.2017 Mats Kirkeengen Finneberg	
		26.03.2017 Athena Nyhagen Moen	
	Røn sokn:	15.01.2017 Ylva Ranheim	
Jordfesta	Lomen sokn:	16.12.2016 Mary Margrethe Evensen	f.1928
		23.12.2016 Inga Bertine Egge	f.1919
	Slidre sokn:	13.12.2016 Kari Kristi Snortheim	f.1953
		23.12.2016 Gullik Steine	f.1955
	Røn sokn:	10.01.2017 Ivar Torstein Bakken	f.1947
		24.02.2017 Thordis Karoline Sørum	f.1925
		17.01.2017 Haldor Ødegård	f.2938
		03.02.2017 Hjørdis Tvenge	f.1932
		17.07.2017 Marit Færden Wangensten	f.1924

Sidan sist har:

- Kyrkje og stat skilt lag
- Eldbjørg Myrvang Wiknæs slutta i stil-lingane sine i kyrkja
- Terje Eklund slutta i sitt halvårige vikariat
- Ola komme tilbake etter pappapermisjon
- Kyrkja lyst ut stillingane for dagleg leiar, kontorfullmektig og trusopplæring og fått gode søknader



Får
du
ikkje
kyrkje-
bladet

eller hører om nokre andre som ikkje gjer det, TA KONTAKT med KYRKJE - KONTORET på egne eller andre sine vegne!



*Redaksjonen
ynskjer alle
ei fredfull
påskehøgtid.*

Konfirmantar i Røn kyrkje 28. mai kl.11.00

Lars Erik Viste
Matilde Ødegaard
Yvonne Lisjordet
Stine Jarstadmarken

Konfirmantar i Slidredomen 4. juni kl.11.00

Åsne Vik Hamre
Nazrawi Ghirmay
Simen Lyngstad
Andreas Hjellebråten Rødningen
Mia Leirhol
Andris Løken Helle
Irene Stensrud Trøen
Marius A. Trøen
Marius Odin Løvlie
Aila Brenna
Ørjan Solberg

Konfirmantar i Lomen kyrkje 11. juni kl.11.00

Sigrid A. Garvik
Patric Kvale
Simen Bergit Håkerud
Henrik Holten Riste

MESSELISTE

Dato	Dag	Stad	Tid	Teneste		Takkoffer
09.04.17	Lomen kyrkje	Palmesundag	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	SOS barnebyer
13.04.16	Sekskanten	Skjærtorsdag	12.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Soknerådsarbeid
14.04.17	Slidredomen	Langfredag	19.30	Langfredagsgudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	Frelsesarmen i Valdres
15.04.17	Slidredomen	Påskennatt	23.00	Året sin store festmesse	Sokneprest Ola Døhl	
16.04.17	Slidredomen	1.påskedag	11.00	Høgtidsmesse	Sokneprest Ola Døhl	Soknerådsarbeid
17.04.17	V.S.sjukeheim	2.påskedag	11.00	Høgtidsmesse	Sokneprest Ola Døhl	
23.04.17	Røn kyrkje	2.s.i påsketida	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Sundagsskulen
01.05.17	Røn kyrkje	Arbeidarane sin dag	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Norsk Folkehjelp
07.05.17	Lomen kyrkje	4.s. i påsketiden	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Måndagstreff
14.05.17	Slidredomen	5. s. i påsketida	11.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl	Barne- og ungdomsarbeid
17.05.17	Slidredomen	Nasjonaldagen	09.45	Familiegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	Soknerådsarbeid
17.05.17	Røn kyrkje	Nasjonaldagen	11.45	Familiegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	V.S.Skulekorps og Røn musikklag
25.05.17	Lomen kyrkje	Kr. himmelfartsdag	11.00	Høgmesse	Sokneprest Øla Døhl	Frelsesarmeén
28.05.17	Røn kyrkje	S. før pinse	11.00	Konfirmasjon	Sokneprest Ola Døhl	Tween Camp
04.06.17	Slidredomen	1.pinsedag	11.00	Konfirmasjon	Sokneprest Ola Døhl	Konfirmantarbeid
05.06.17	V.S. sjukeheim	2.pinsedag	11.00	Høgmesse 2.pinsdag	Sokneprest Ola Døhl	
11.06.17	Lomen kyrkje	Treeiningssøndag	11.00	Konfirmasjon	Sokneprest Ola Døhl	Konfirmantarbeid
11.06.17	Øyjar kapell	Treeiningssøndag	19.30	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Redd barna
23.06.17	Slidredomen	Fredag	21.00	Lysmesse – Tween Camp	Sokneprest Ola Døhl	
24.06.17	Slidredomen	Laurdag	21.30	Lysmesse – Tween Camp	Sokneprest Ola Døhl	
25.06.17	Slidredomen/ prestgardshagen	3.s. i treeiningstida	12.00	Festgudsteneste. Tween Camp	Sokneprest Ola Døhl	
09.07.17	Vaset	5.s.itreeiningstida	11.00	Stølsmesse		
16.11.17	Syndinstøga	Aposteldagen	11.00	Stølsmesse		
23.07.17	Mo kyrkjeruin	7.s.i treeingstida	11.00	Friluftsmesse		
29.07.17	Lomen stavkyrkje	Olsok	19.30	Olsokmesse		
06.08.17	Kvitsyn	9.s.i treeiningstida	11.00	Høgmesse		
13.08.17	Røn kyrkje	10.s.i treeiningstida	11.00	Høgmesse		
17.08.17	Slidredomen	12.s. i treeiningstida	11.00	Høgmesse. Gullkonfirmantane spesielt inviterte.		

Tar atterhald, messelista kan bli endra, særleg messene i juli og august. Det er ferietid for prestar og andre tilsette. Sjå oppslag ved kyrkjene og andre stader, kommunen si side, «Det skjer» i avis Valdres, og facebooksida: kyrkja i Vestre Slidre.



KIWI Røn. Tlf. 61344430



Lomen Auto AS

Tlf 61343960
www.lomenauto.no



WANGENSTEN
Valdres Ost
ETTER GAMAL OPPSKRIFT
PRODUSERT AV MIØLK FRÅ
GARDAR I VALDRES



Vaset - 2960 Røn

Desse annonsørane betaler for utsendinga av dette nummeret.